

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-026  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 25.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/21	Utval for helse og omsorg	30.11.2021
110/21	Alver formannskap	02.12.2021
	Alver kommunestyre	

### **Vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert sagt opp med mål om å inngå ny avtale i 2022.

#### **Utval for helse og omsorg 30.11.2021:**

#### **Handsaming:**

Utval for helse og omsorg vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **HO- 040/21 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert sagt opp med mål om å inngå ny avtale i 2022.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg og formannskap

Saka skal til avgjeret i kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Det vart inngått avtale om administrativt vertskommunesamarbeid i 2013 mellom Lindås kommune og kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Gulen og Osterøy om Nordhordland legevakt og øyeblikkeleg hjelp døgtilbod - vedtak 14.02.2013 KO sak 11/13.

Det er 1 år oppseiingstid på avtalen gjeldande frå kvart årsskifte.

Alver kommune har overtatt Lindås kommune sitt vertskommuneansvar etter kommunesamanslåing mellom Lindås, Radøy og Meland frå 2020.

Før årsskiftet i 2020 sa Fedje kommune opp avtalen og går no ut av samarbeidet om legevakt og øyeblikkeleg hjelp døgnsenger frå 1.januar 2022. Dei vil frå 2022 berre vera tilknytt legevaktssentralen (116 117).

#### **Saksopplysningar:**

Hausten 2020 vart det starta opp eit prosjekt der formålet med prosjektet var å sikre ei organisering med medisinsk forsvarlege tenester innanfor kommunane sine økonomiske rammer. Prosjektgruppa var samansett av fungerande legevaktssjef, fagsjukepleiar legevakt, kommunalsjef frå samarbeidskommunane og hovudtillitsvald. Prosjektet vart leia av tenesteleiar for lege- og rehabiliteringstenester. Referansegruppe var fagråd for kommuneoverlegar, tilsette ved Nordhordland legevakt, administrativ nemnd for NHLV, rådmennene og kommunalsjefar i samarbeidskommunane. Prosjektet sin konseptfase er no avslutta og det vert gjennomført ei risiko- og sårbarhetsanalyse ( tenesteros) ved legevakta. I samband med dette vert det gjort vurdering av fagleg forsvarlegheit av tenestene.

Endringar som kommunesamanslåing, oppseiing frå ein av samarbeidskommunane, behov for å vurdere

økonomisk fordeling og medisinsk forsvarlegheit vert det vurdert som formålstenleg å seie opp avtalen frå 2013. I løpet av 2022 kjem rådmannen tilbake med ny sak om legevaktsamarbeid.

**Vedlegg i saken:**

25.11.2021	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt og øyeblikkelig hjelp (L)(70808)	1649736
------------	--	---------